

Protokoll - Styremøte januar 2025

Dato: 19.01.2025 19:00

Sted: Møterom, servicebygg

Deltakrarar:

- Øystein Våge (Styreleiar)
- Hallgeir Goa Myhre (Nestleiar - Gruppeleiar Fotballgruppa)
- Linn Maiva Waage (Styremedlem - Gruppeleiar anleggsgruppa)
- Marte Kolbjørnsen (Styremedlem)
- Linda Madsen Helvik (Varamedlem - Gruppeleiar aktivitetsgruppa)
- Øystein Aa Lysne (Styremedlem - Gruppeleiar Ungdom- og E-sportgruppa) - *ikkje til stades*

Styret er dermed vedtaksført.

Sak 25/1/1, vedtakssak

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak

Innkalling og saksliste enstemmig vedtatt.

Sak 25/1/2, vedtakssak

Godkjenning av referat frå forrige møte

Referat frå forrige møte vert gjennomgått.

Vedtak

Styret godkjenner referat frå forrige møte

Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/1/3, orienteringssak

Orientering om økonomi

Gjennomgang resultat Q4 2024 og resultatrekneskap 2024

Sak 25/1/4, vedtakssak

Årsmøte 2025

- Fastsette dato
- Aktivere valnemd
- Organisasjonsplan 2025

Vedtak

Årsmøte fastsatt til 23. mars.
Forslag til organisasjonsplan vedtatt.
Oversikt sendes til valnemda.
Vedtaket var samrøystes.

Sak 25/1/5, diskusjonssak

Budsjettforslag 2025

Styret gjekk gjennom første utkast til budsjett 2025.
Endeleg budsjettforslag vil bli lagt fram for styregodkjenning før årsmøtet.

Sak 25/1/6, diskusjonssak

Medlems- og aktivitetssystem

Orientering vedrørende prisvekst i Hoopit samt alternative vegar vidare.
Sjå vedlagt presentasjon.

Øystein sjekker andre alternativer, eventuelt diskuterer med Hoopit om redusert pris. Dette presenteres til styret ved neste møte.

Det er ei sterk anbefaling frå Hallgeir som brukert Rubic aktivt i BIL å ikkje gå tilbake til Rubic grunna brukervennligheten.

Sak 25/1/7, orienteringssak

Orienteringssaker

Diskusjon og/eller orientering om saker som ikkje har stått på saklista og som det såleis ikkje kan fattas vedtak i.

- Morten Sæverud har inngått avtale med Bremnes IL som keepertrener. Dette skal være eit tilbud til alle keeperane på Bømlø. Han fortsetter som spelar for Finnås.
- Trenarmøte gjennomført. Positiv tone. Det etterlyses lagleiar (oppmann) for alle lag, og at denne rolla blir beskrevet tydelig.
- Det er kommet ein forespørsel til klubben vedrørende lag for 16-åringar. Forespørselen må komme offisielt til klubben, deretter må eventuelt noverande klubbar varslast, det må kallast inn til foreldremøte og deretter sjå om ein får det til. Påmeldingsfrist til kretsen er 20. februar.